

Terje Rootwelt  
Oslo Universitetssjukehus

**Deres ref:**

**Vår ref:**

2015/1370 - 10477/2015

**Saksbehandler:**

Ingrid Dirdal 41436400

**Dato:**

07.06.2015

## is\_ Svar på spørsmål om å få sette i gang med HMAS ved systemisk sklerose

Søknaden blei vurdert i det interregionale fagdirektørmøtet 04.05.2015.

Fagdirektørane i dei fire RHF-a gir Oslo Universitetssjukehus ei mellombels godkjenning til å utføre høgdose cellegiftbehandling med autolog stamcellestøtte (HMAS) ved diffus systemisk sklerose (dcSSc) i tråd med indikasjonane og metoden som gjekk fram av den minimetodevurderinga som låg ved søknaden.

Godkjenninga gjeld dermed for ein avgrensa periode. Så snart det er gjort ei metodevurdering blir det gjort ei ny vurdering av bruk av høgdose cellegiftbehandling med autolog stamcellestøtte (HMAS) ved diffus systemisk sklerose i Noreg. Når denne vurderinga er fullført, vil den mellombels godkjenninga fagdirektørane har gitt Oslo Universitetssjukehus ikkje gjelde lenger.

Dette er ikkje ei oppretting av ei ny nasjonal behandlingsteneste.

Det er viktig at spesialister i dei andre helseregionane blir trekte inn i vurderingar knytt til den løpande kliniske aktiviteten. Oslo Universitetssjukehus blir oppmoda til å ha aktiv dialog med andre relevante fagmiljø utanfor og i eigen region, dette for å sikre at tilbodet og aktuelle indikasjonar for behandlinga er kjende i heile landet.

Dei regionale fagdirektørane ber samstundes om ein oppsummerande rapport om aktivitet og resultat når perioden med midlertidig godkjenning er ferdig.

På vegne av dei regionale fagdirektørane

*Baard-Christian Schem*

Baard-Christian Schem  
fagdirektør i Helse Vest

leiar av det interregionale fagdirektørforumet

Ingrid Dirdal  
seniorrådgivar